

Saknummer: 10/251  
Løpenummer: 1641/10  
Arkivkode: 033 &17  
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
<b>15/10</b>	<b>Formannskapet</b>	<b>20.04.2010</b>

### SKRIV OG MELDINGAR

*Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Stiftinga Jensbua, 6961 Dale

#### **Oversyn over framlagde skriv og meldingar:**

1. Ungdomspolitiske dagar – søknad frå arrangør v/Erlend Bøe, datert 04.03.10
2. Landbruksoppgjeret 2010 – fråsegn frå HAFS Regionråd, datert 20.03.10
3. Båtplassar til Gåtafeltet – skriv frå kommunestyregruppa til SP i Gulen, datert 11.03.10
4. Tilbod om medlemskap i LNVK, datert 07.04.10
5. Invitasjon til dialogmøte med Norsk kulturråd Sogn og Fjordane
6. Etablering av utsiktspunkt Sandøy – skriv frå ymse, datert 15.03.10
7. Privat barnehage i Eivindvik – skriv frå Ad hoc-gruppe, datert 12.04.10
8. Næringsutvikling i Mongstad-/Sløvågområdet – skriv til fylkesordførar i S. og Fj., datert 10.03.10
9. Sellevåg treskofabrikk – e-postkorrespondanse, seinast datert 12.04.10
10. Dalsøyra eldresenter – skriv frå Dalsøyra bondekvinnelag, datert 08.04.10
11. Byrknes bu- og omsorgssenter – skriv frå Ytre Gulen pensjonistlag, datert 07.04.10

#### **Behandling og vedtak i Formannskapet, 20.04.2010:**

##### **Merknader:**

Til skriv nr 3.: Ordførar fylgjer opp saka.

Til skriv nr 4.: Gulen kommune melder seg inn i LNVK.

Til skriv nr 6.: Ordførar fylgjer opp saka.

Til skriv nr 7.: Ordførar skriv svar utifrå tidlegare vedtak kommunen har gjort.

Til skriv nr 9.: Gulen kommune løyver kr 100 000 på vilkår av at andre sponsorar syter for fullfinansiering av prosjektet.

Øyvind Lid, som er medlem for Gulen kommune i samstyret for SEKOM og vara til samstyret for KRYSS, informerte om arbeidet i desse interkommunale samarbeida.

Elles ingen merknader.

Saknummer: 10/161  
Løpenummer: 1642/10  
Arkivkode: G00 &13  
Saksbehandlar: Ingebjørg Søreide

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
<b>4/10</b>	<b>Hovudutval for omsorg</b>	<b>13.04.2010</b>
<b>16/10</b>	<b>Formannskapet</b>	<b>20.04.2010</b>

### **HØYRING - HELSE FØRDE SIN STRATEGIPLAN 2010-2020**

*Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Helse Førde, Serviceboks 1000, 6807 Førde

#### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

##### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Høyringsnotat : Helse Førde sin strategiplan (2010-2020) – Invitasjon til høyringsuttale
- Helse Førde sin strategiplan. Retting i dokumentet side 23

##### **Saksutgreiing:**

Styret i Helse Førde har sendt si tilråding til framtidig modell for spesialisthelsetenestene i Sogn og Fjordane ut på høyring. Denne modellen blir grunnlaget for Helse Førde sin strategiplan mot 2020.

Målet med strategiplanen er å sikre pasientane i Sogn og Fjordane moderne og fagleg forsvarlege tenester i framtida. Styret vurderer dei overordna strategiske grepa som naudsynte for å vidareutvikle spesialisthelsetenesta i Sogn og Fjordane, både fagleg og økonomisk.

Styret peiker på at det er naudsynt at Helse Førde

- har kompetent personale
- samhandlar godt eksternt med brukarane, kommunane og andre helseinstitusjonar
- utnyttar ressursane effektivt
- har tilrettelagde strukturar som speglar behova for medisinsk-teknisk utstyr, areal og transport
- er ein organisasjon i stadig utvikling

Strategiplanen skal vere eit overordna strategisk dokument for dei viktige vegvala i Helse Førde fram mot 2020, og skal følgjast opp med konkrete handlingsplanar. Valet av framtidig modell vil vere avgjerande for korleis strategiplanen skal utformast, og kva type handlingsplanar som skal setjast i verk.

I strategiprosessen har styringsgruppa utgreidd tre ulike modellar for dei framtidige spesialisthelsetenestene i Sogn og Fjordane:

Modell 1: Eitt sentralsjukehus og to lokalmedisinske senter i indre Sogn og Nordfjord

Modell 2: Eitt sentralsjukehus

Modell 3: Tre likeverdige lokalsjukehus

Styringsgruppa for strategiprosessen, som er sett saman av styret i Helse Førde, meiner at berre modell 1 ivaretek målet om moderne, kunnskapsbaserte og trygge tenester innan tilgjengelege økonomiske rammer til innbyggjarane i heile Sogn og Fjordane. Styret tilrår difor modell 1. I tillegg er saksgrunnlaget for dei to andre modellane sendt ut til høyringsinstansane, som er kommunane, KS i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen, Helse Bergen, Helse Sunnmøre, Brukarutvalet i Helse Førde, Høgskulen i Sogn og Fjordane og fagorganisasjonane.

Styret, som skal handsame endeleg strategiplan 27.05.10, ber om innspel på valet av modell. Høyringsfristen er sett til 19.04.10.

### **Nærare om modellane**

#### *Modell 1: Eitt sentralsjukehus og to lokalmedisinske senter i indre Sogn og Nordfjord*

Modellen inneber at Nordfjord sjukehus og Lærdal sjukehus blir avvikla som sjukehus i dagens form, og at ei rekke sjukehusfunksjonar blir overført til sentralsjukehuset i Førde, som blir oppretthalde og styrka. Ved dei nye einingane i Førde, Nordfjord og Indre Sogn blir det lagt opp til dagbehandling, polikliniske tenester og andre ambulante spesialisthelsetenester, samt teleradiologi/radiograf. Desse tenestene er tenkt kombinert med interkommunale lokalmedisinske senter som skal opprettast i samband med samhandlingsreforma. Det er føresett at den akuttmedisinske kjeda skal ivaretakast ved at det er 24-timars interkommunale legevakter ved dei lokalmedisinske sentra, med god tilgang til akuttmedisinsk team frå FSS og understøtta av telemedisinske/radiologiske tenester. Det blir vidare lagt opp til ei god ambulanseteneste. For nokre pasientgrupper og fødande nord i Nordfjord og på sørsida av Sognefjorden vil ein ta sikte på bruk av sjukehusstenester i nabofylka.

Ved denne modellen reknar ein med ein netto kostnadsreduksjon slik at Helse Førde kan oppnå eit positivt driftsresultat på kr 47 mill.

#### *Modell 2: Eitt sentralsjukehus*

I denne modellen er lokalsjukehusa i Nordfjordeid og Lærdal heilt avvikla. Sjukehusfunksjonane blir lagt til sentralsjukehuset i Førde, som blir oppretthalde og styrka. Spesialisthelsetenestene i fylket vil dermed i hovudsak vere konsentrert til Førde sentralsjukehus og det blir lagt opp til at betydelege pasientgrupper får tilbod i andre helseforetak.

Ved denne modellen reknar ein med ein netto kostnadsreduksjon slik at Helse Førde kan oppnå eit positivt driftsresultat på kr 50 mill. Men modellen kan medføre krav om endra fordeling av basisfinansieringa av helseforetaka i regionen, og dette vil i tilfelle redusere resultatet tilsvarande.

#### *Modell 3: Tre likeverdige lokalsjukehus*

Her blir sentralsjukehuset i Førde avvikla, og det blir tre likeverdige lokalsjukehus i fylket. Modellen føresett at sentralsjukehusfunksjonar blir løyst i eit samarbeid med andre helseforetak. Kva type funksjonar dette er, går fram av side 9 i høyringsdokumentet.

Her blir berekna innsparingar vesentleg mindre enn i dei to andre modellane. Det er stipulert eit driftsresultat som er vesentleg betre enn i dag, men framleis negativt (- kr 10 mill).

Utover dette blir det vist til høyringsdokumentet, som meir utførleg gjer greie for modellane og løysing av ulike funksjonar.

## **VURDERING**

Helse Førde har mange ulike pålegg, krav og forventningar å forhalde seg til, og ein del av desse er innbyrdes motstridande. Situasjonen i fylket er sterkt prega av eit helseforetak som ikkje har ein berekraftig situasjon, og med stadige utgreiingar av tiltak og uro som fylgje av det. Vidare er ein i mange delar av fylket på vakt mot endringar som inneber ein reduksjon i tenestetilbod og tryggleik. Dette er ein situasjon som m.a. skaper mykje strid og som det er naudsynt å kome ut av.

Det må arbeidast for å skape forståing for dei kostnadene og det ressursbehovet som er knytt til å drive spesialisthelsetenester i eit fylke som Sogn og Fjordane. Men sjølv om ein skulle oppnå ei større forståing for det, kan det nok ikkje forventast ein så stor auke i dei ressursmessige rammene for helseforetaket at det åleine vil løyse situasjonen. .

Det bør vere aksept for at styret i Helse Førde no presenterer det framlegget som styret meiner gir den beste løysinga ut frå ei samla vurdering. Skal helseforetaket både halde seg til føringar frå overordna nivå og samstundes ta omsyn til alle krav frå ulike aksjonsgrupper, vil det nok ikkje vere mogeleg å få til naudsynte endringar.

Framlegg til omleggingar må konsekvensvurderast så langt det er rom for det når ein veg dette behovet opp mot behovet for handling.

Det synest rimeleg at ein sentral premiss for å sikre ei berekraftig spesialisthelseteneste i Sogn og Fjordane i framtida er å sikre eitt sterkt sjukehus, med moderne utstyr, eit sterkt fagmiljø og god kompetanse. Det er og ein rimeleg konklusjon at ein då må satse på sentralsjukehuset i Førde. Då må dette skje ut frå nokre klare føresetnader. Også dei som bur i utkantane i fylket framleis må vere sikra gode spesialisthelsetenester når dei treng det. I utkastet frå Helse Førde er det lagt opp til i større grad å nytte sjukehus i andre helseforetak, som Voss sjukehus og Haukeland Universitetssjukehus for dei som bur på sørsida av Sognefjorden og sjukehuset i Volda for dei som bur nord i Nordfjord. I tillegg må den akuttmedisinske kjeda vere prioritert for å sikre at folk blir tekne hand om raskt når det er behov for det. Det må synleggjerast korleis ein sikrar tilbodet til alle grupper i alle område i fylket. Tryggleik er viktig. Ein må vere klar på kva nye konsekvensutgreiingar som blir føresett.

Det er etter rådmannen si vurdering fornuftig at omlegginga ikkje skjer uavhengig av den komande helsereforma. Å sjå endringane i samanheng med samhandlingsreforma er både rett og gir auka muligheter. Dette understrekar behovet for eit felles samhandlingsprosjekt i Sogn og Fjordane, der heile fylket blir sett under eitt og der ein sikrar god dialog med Helse Førde, høgskulen, fylkeskommunen og brukargrupper.

Ein må innsjå at det blir behov for lokalmedisinske sentra i samband med samhandlingsreforma, og at etablering av slike sentra krev eit visst befolkningsgrunnlag. Det kan vere eit godt grep å koble dette mot erstatning av dei noverande lokalsjukehusfunksjonane i Lærdal, Førde og Nordfjordeid og ein kombinasjon med polikliniske tilbod og dagbehandling ved Lærdal og Nordfjordeid. Interkommunal legevakt har ein naturleg og viktig plass her.

Så er intensjonen i samhandlingsreforma at folk skal få betre tenester *nærare* der dei bur. Det blir framleis viktig å tenke: Kva kan vi løyse i den enkelte kommunen og kva kan vi løyse innanfor eit mindre regionalt område – i tillegg til lokalmedisinske sentra.

Ein må vere tydeleg på kva Helse Førde vinn på strukturendringa i seg sjølv (økonomi gjennom sentralisering og stordriftsføremoner m.v., betre spesialistfunksjonar, betre fagmiljø og rekruttering), for å avklare 1) kva ein vinn på dette på den eine sida og 2) kva ein sparer på at kommunane tek over oppgåver på den andre sida. Dette må ein forsøke å halde kvar for seg og vere ærlege på.

Realismen i dette må vurderast ut frå tidsfaktoren Det som er skissert i høyringsdokumentet når det gjeld framdrift og arbeidsmåte synest rimeleg. Endringane som er skisserte vil likevel, saman med prosjektet ”frå døgn til dag”, presse kommunane og bli opplevd som store utfordringar, også på kort sikt. Det må snuast til eit engasjement for noko positivt, ein sjanse til å utvikle noko spesielt her i fylket som kjem folk til gode. Kommunane kan bli ein større og svært spennande arbeidsplass.

Dette føreset at Helse Førde bidreg aktivt og økonomisk saman med kommunane for gradvis å få utvikla det som skal bli eit kommunalt ansvar. Gjennom dette kan ein og få ei tett og god samhandling og eit betre forhold mellom Helse Førde og kommunane. Helse Førde må på ein tillitsvekkande måte utvikle dei tenestene som skal spele saman med dei styrka kommunale tenestene.

Ein føresetnad for å få dette til, er etter rådmannen si meining at fylket blir eit høgt prioritert pilotfylke i høve til samhandlingsreforma, og får ressursar til å drive omstillingsarbeidet på kommunal side. Dersom det er stor semje om det og ein går inn for det med tyngd og nyttar aktuelle kanalar og kontaktar og påverknadsmuligheter, så kan ein oppnå det.

Då kan Sogn og Fjordane løfte seg frå å vere eit fylke der fogderistridar er til hinder for utvikling og med eit omdøme deretter, til eit føregangsfylke i høve til helseområdet som får mykje positiv merksemd nasjonalt og internasjonalt, og ikkje minst til glede for brukarar og pasientar, som jo er det viktigaste. Nokre lokale arbeidsplassar blir råka og ein del ting blir annleis enn før. Men den prisen må kanskje betalast dersom tryggleiken for gode helsetenester i fylket alt i alt blir betre enn om ein ikkje gjer desse grepa.

Det bør vurderast om omstillingane for Eid og Lærdal blir så store at desse kommunane bør få særskilt bistand, t.d. ved at kommunane får ein omstillingstatus.

Det har vore diskutert om modell 1 er i strid med intensjonane i regjeringsplattforma ”Soria Moria 2”, der det er uttrykt at ingen lokalsjukehus skal leggjast ned. Dette er ikkje eit dokument som har formelt bindande status overfor helseforetak, kommunar eller andre. men det vil vere naudsynt at sentrale styresmakter snarast avklarar si haldning til framlegget frå styret i Helse Førde ut frå plattformen som regjeringspartia har forplikta seg i høve til.

Når det gjeld spørsmålet om ”indre Sogn” og om eit framtidig lokalmedisinsk senter med visse spesialisthelsetenester skal ligge i Lærdal eller Sogndal, vil dette i fyrste rekke vere eit spørsmål som kommunane må avklare. Lokalmedisinske senter vil vere eit kommunalt ansvar. Det synest klart at ei slik avklaring i alle høve må ha ein lengre tidshorisont enn det som er skissert i høyringsdokumentet.

### **Framlegg til vedtak:**

1. Gulen kommune sluttar seg til framlegget frå styret i Helse Førde om ei organisering av spesialisthelsetenestene i fylket etter ”modell 1” med eitt sentralsjukehus og to lokalmedisinske senter i Nordfjord og indre Sogn. Med dei ressursmessige rammene ein synest å stå overfor i åra framover er det denne modellen som best sikrar helsetenestene i fylket.
2. Det må arbeidast vidare med å avklare kva det reelt kostar å yte likeverdige spesialisthelsetenester i eit fylke som Sogn og Fjordane for å oppnå ein rettferdig modell for fordeling av overføringar til helseforetaka.
3. I det vidare arbeidet med ”modell 1” må det vektleggjast eit breitt samarbeid og ei grundig avklaring av kva konsekvensutgreiingar som må gjennomførast før iverksetjing av dei ulike tiltaka. Dette må vegast opp mot behovet for handling.
4. Modell 1 føreset at kommunane samlar seg om eit aktivt arbeid i høve til samhandlingsreforma. Modellen føreset etter Gulen kommune si vurdering at eit fylkesdekkande samhandlingsprosjekt blir prioritert, og at fylket får ressursar til å drive dette. Det vil vere ei stor føremon om Sogn og Fjordane kan få pilotstatus i høve til ei eit slikt prosjekt, som vil vere unikt sidan det dekkar eit heilt foretaksområde og fylke.
5. Det må i tillegg til etablering av tre lokalmedisinske senter arbeidast for å oppnå best mogeleg tenester nær der folk bur, i samsvar med intensjonane i samhandlingsreforma. Dette inneber at kommunane aktivt må arbeide med å vurdere kva nye oppgåver kommunane kan løyse sjølve og kva ein kan samarbeide om i mindre regionar.

### **Behandling og vedtak i Hovudutval for omsorg, 13.04.2010:**

#### **Nye framlegg:**

##### Frå Arve Mjømen (H):

Gulen kommune har i K-sak 72/09 vedteke delta i ”prosjekt samhandlingsreform” saman med Nordhordlandskommunane. Og vidare i K-sak 35/09 og 72/09 vedteke å etablere legevaktsordning med Nordhordland legevaktsentral i Knarvik.

Modell 1 frå Helse Førde legg opp til at Gulen kommune skal nytte Haukeland ved akutthjelp og fødselar.

Statistikkar viser at om lag 80% av transport til spesialisthelsetenestene går mot Hordaland. Nærleik til helsetenester, beredskap og den rette logistikk er avgjerande i høve til brukar/pasientar, det kan slik synest best for Gulen at desse tenestene går mot Hordaland. Det vil på noverande tidspunkt være uklokt av Gulen kommune å innleie eit forpliktande samarbeid mot helse Førde slik modell 1 legg opp til.

Gulen kommune kan ikkje godta at strategiplan til Helse Førde vert basert på ei samhandlingsreform som enno ikkje er vedteken av stortinget.

Det framleis store og ubesvarte spørsmål om innhald og gjennomføring av reforma, og det blir feil å basere framtidens spesialisthelsetilbod i Sogn og Fjordane på så store usikkerheitsmoment.

Gulen kommune meiner at det skal være eit sterkt sentralsjukehus i Førde og lokalsjukehus på Eid og Lærdal tilpassa akuttfunksjonar og fødetilbod.

Regjeringa har lova at lokal sjukehusstilbodet skal bestå og at lovnaden med å løyve nok midlar over statsbudsjettet må difor haldast.

#### Frå Aage Olav Sandal (KRF):

1. I utgangspunktet meiner Gulen kommune ar regjeringa må halde det dei har sagt om lokalsjukehus i Soria Moria 2.
2. Dersom det ikkje vert tilført midlar til å kunne gjennom det, vil Gulen kommune tilrå ar ein går på ein modell som liknar modell 1 til helse Førde.
3. Vi meiner likevel at ein ikkje kan forskottere samhandlingsreformen og kommunane sin del av han slik Helse Førde gjer. Det bør derfor vere ei sengeavdeling, eigd av helse Førde, knytt til lokalsjukehusa.
4. Ei utvikling som svekkar sentralsjukehuset, eller i verste fall gir tre lokalsjukehus, er etter vårt syn heilt uaktuelt. Det vil ikkje vere til det beste for for innbyggjarane , og for oss som kommunar vil det svekke sjansen til å rekruttere utdanna helsepersonell.
5. Det er svært viktig for Gule kommune at ambulansetenesta (både bil, båt og helikopter) skal ver godt tilgjengeleg og med god kompetanse.
6. Helse Førde bør tilby fødetenester i Nordfjord. I alle fall bør ein ikkje sette ut desse til eit anna helseføretak utan å krevje at dei kjøper tenester i helse Førde.
7. For ein del av innbyggjarane i Gulen vil det ofte vere enklare å få sjukehusetenester frå Helse Bergen. Ein er difor nøgd med det som står i utgreiinga på side 28 (6.1.3.).
8. I tillegg til å etablere lokalmedisinske senter , må det arbeidast for å opnå best mogeleg tenester nær der folk bur. Det inneber at kommunane aktivt må arbeide med å vurdere kva oppgåver ein kan løyse sjølve og kva ein kan samarbeide om i mindre regionar.

#### **Røysting:**

Framlegget frå Arve Mjømen (H) med tillegg punkt 5 frå Aage Olav Sandal (KRF) vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Gulen kommune har i K-sak 72/09 vedteke delta i ”prosjekt samhandlingsreform” saman med Nordhordlandskommunane. Og vidare i K-sak 35/09 og 72/09 vedteke å etablere legevaktsordning med Nordhordland legevaktsentral i Knarvik.

Modell 1 frå Helse Førde legg opp til at Gulen kommune skal nytte Haukeland ved akutthjelp og fødsjar.

Statistikkar viser at om lag 80% av transport til spesialisthelsetenestene går mot Hordaland. Nærleik til helsetenester, beredskap og den rette logistikk er avgjerande i høve til brukar/pasientar, det kan slik synes best for Gulen at desse tenestene går mot Hordaland. Det vil på noverande tidspunkt være uklokt av Gulen kommune å innleie eit forpliktande samarbeid mot helse Førde slik modell 1 legg opp til.

Gulen kommune kan ikkje godta at strategiplan til helse Førde vert basert på ei samhandlingsreform som enno ikkje er vedteken av stortinget.

Det framleis store og ubesvarte spørsmål om innhald og gjennomføring av reforma, og det blir feil å basere framtidias spesialisthelsetilbod i Sogn og Fjordane på så store usikkerheitsmoment.

Gulen kommune meiner at det skal være eit sterkt sentralsjukehus i Førde og lokalsjukehus på Eid og Lærdal tilpassa akuttfunksjonar og fødetilbod.

Regjeringa har lova at lokal sjukehusstilbodet skal bestå og at lovnaden med å løyve nok midlar over statsbudsjettet må difor haldast.

Det er svært viktig for Gule kommune at ambulansetenesta (både bil, båt og helikopter) skal vere godt tilgjengeleg og med god kompetanse.

### **Behandling og vedtak i Formannskapet, 20.04.2010:**

#### **Nye framlegg:**

##### Frå Arve Mjømen (H):

Som vedtaket i HOM, men med slike endringar:

- Setninga som startar med "Statistikk viser at ....." går ut.
- "med" skal stå mellom orda "Lærdal" og "tilpassa" i siste setninga.

##### Frå Trude Brosvik (KRF):

1. I utgangspunktet meiner Gulen kommune regjeringa må halde det dei har sagt om lokalsjukehusa i Soria Moria II. Men dersom det ikkje vert tilført meir midlar til å kunne gjennomføre det, vil Gulen kommune tilrå at ein går på ein modell som liknar modell 1 til Helse Førde.
2. Vi meiner likevel at ein ikkje kan forskottere samhandlingsreformen og kommunane sin del av han, slik Helse Førde gjer. Det bør derfor vere ei sengeavdeling, eigd og drifta av Helse Førde, knytt til lokalsjukehusa.
3. Ei utvikling som svekkar sentralsjukehuset, eller som gir tre lokalsjukehus, er etter vårt syn heilt uaktuelt. Det vil ikkje vere til det beste for innbyggerane, og for oss som kommunar vil det svekke sjansen til å rekruttere utdanna helsepersonell.
4. Det er svært viktig for Gulen kommune at ambulansetenesta (både bil, båt og helikopter) skal vere godt tilgjengeleg og med god kompetanse.
5. For mange innbyggerar i Gulen vil det vere kortare avstand til sjukehusstenester i Helse Bergen. Gulen kommune har vedteke å knyte seg til interkommunal legevakt i Knarvik. (Ksak 35/09 og 72/09). Vi les modell 1 slik at akutt og fødetilbod for Gulen i dei fleste tilfelle vil gå til Helse Bergen. (6.1.1 og 6.1.3). Når det gjeld samhandlingsreformen så er Gulen kommune med på utgreiinga av denne både gjennom Regionrådet i Hordaland og KS i Sogn og Fjordane. Det vil difor på noverande tidspunkt vere uklokt av Gulen kommune å innleie eit forpliktande samarbeid mot Helse Førde om samhandlingsreformen slik modell 1 legg opp til.

#### **Røysting:**

Prøverøysting vart gjennomført. Brosvik sitt framlegg fekk fleirtal (3 mot 2). Etter dette vart det gjennomført vanleg røysting.

#### **Vedtak:**

Brosvik sitt framlegg til vedtak vert samrøystes godkjent.

Saknummer: 10/256  
Løpenummer: 1643/10  
Arkivkode: 122  
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
<b>17/10</b>	<b>Formannskapet</b>	<b>20.04.2010</b>

### **STRATEGISK SAMFERDSLEPLAN FOR SOGN OG FJORDANE - OFFENTLEG ETTERSYN**

*Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune, Samferdsleavdelinga, Askedalen 2, 6863 Leikanger

#### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

##### **Sakstfang:**

Utsende vedlegg:

- Høyringskriv, datert 07.04.10
- Framlegg til plan, datert 25.03.10

##### **Saksutgreiing:**

På grunn av kort høyringsfrist har administrasjonen ikkje hatt høve til å greie ut saka, og viser difor til utsende vedlegg for informasjon.

#### **Behandling og vedtak i Formannskapet, 20.04.2010:**

##### **Nye framlegg:**

Felles framlegg:

Formannskapet ber om at følgjande vert innarbeidd i felles fråsegn frå HAFS:

##### *Vegvedlikehald og –drift*

Vi meiner det er svært viktig å ha ein sekkepost til utbetringar av spesielle punkt og korte strekningar med kritisk dårleg standard, slik strategien legg opp til i kulepunkt 1.

##### *Standard*

Det er fleire tunnelar som må utbetrast for å kunne ta dagens materiellstandard og dermed også kunne vere omkøyringsveg ved vegstenging. (Døme: Undalstunnelen på Rv 57 då E 39 var stengt.) Nye bruer skal byggjast med aksellast i BK10. Vegbreidd for vegar med under 300 ÅDT må aukast til 4 m asfaltert vegbane

##### *Rassikring*

Sogn og Fjordane fylke bør ha som strategi at dei arbeider for å endre fordelinga på 50-50 mellom riksvegar og fylkesvegar. Det er langt fleire raspunkt på fylkesvegane.

### *Gang- og sykkelveggar*

Trafikktryggingsmidlane (Aksjon skuleveg-midlane) må vidareførast. Dei har vore til stor hjelp for kommunane for å legge til rette trygge skuleveggar. Mange skuleveggar er langs fylkesveggar. Fylket bør ha tilsvarande strategi som kommunane på tilrettelegging langs desse, i samarbeid med kommunane og lokale trafikktryggingsplanar.

### *Ferjer*

Det bør vere eit mål for Sogn og Fjordane å få meir klimavenlege ferjer / gassferjer. Ferjene er ein del av fylkesvegen, og stengingstida bør derfor vere minst mogeleg. Jf. Daløy-Haldorsneset, der kommunen ikkje kan ha felles arrangement på kveldstid fordi siste ferja går kl. 21.00 (utanom søndag).

### *Kollektivtrafikk*

Fylket vårt har eit finmaska nett med korrespondansar som gjer det mogeleg å bytte mellom båt-buss og buss-buss. Det er vesentleg at desse vert vidareført også i eit anbudsregime. Lokale transporttilbod for ungdom er eit godt alternativ for våre kommunar. Men ein ber om at det vert teke høgde for at båtskyss er svært dyrare enn buss, når ein tildeler midlar til kommunane.

Det same gjeld innanfor Sørvissskyss og TT-transport. (Det innførte minstetilbodet for båtskyss er positivt i fht dette)

Pkt. 2 under 3.5.3, Reisemål, er svært viktig å få til for dei som bur i utkantane.

### *Sikre farleier*

Fylkeskommunen bør i einskilde høve kunne forskottere sikring av farleier som er viktige skuleveggar.

### *Materiellstandard:*

Det er eit mål at alle bussar nytta til skulekøyring har montert setebelte.

### **Røysting:**

Samrøystes.

### **Vedtak:**

Felles framlegg vert godkjent.

Saknummer: 10/258  
Løpenummer: 1644/10  
Arkivkode: N11  
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
18/10	Formannskapet	20.04.2010

### FASTLANDSSAMBANDET I YTRE GULEN - ARBEIDSGRUPPE FOR RUTEENDRINGAR

*Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Dei valde medlemane
- Fjord1 Sogn Billag, postboks 67, 6851 Sogndal

#### Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

##### **Sakstilfang:**

Ikkje utsende vedlegg:

- Utdrag frå: Kjøp av person- og godsrutetenester 2010 – Sogn og Fjordane fylkeskommune

##### **Saksutgreiing:**

I "Kjøp av person- og godsrutetenester 2010" skriv Sogn og Fjordane fylkeskommune dette i punkt 15.3.3:

##### **15.3.3 Gulen kommune**

- a) Ønskjer å få inn att ruta frå Byrknes til Bremnes som bestillingsrute.
- b) Må settast ned ei gruppe for å sjå på ruteendringar når fastlandssambandet i Ytre Gulen opnar 1. september.

##### **Vurderingar:**

- a) For nokre år tilbake vart tingingsruta frå Byrknes til Bremnes teke vekk grunna lite passasjergrunnlag. Det er ikkje alle bussruter som kan gå nedom Bremnes i forhold til eksisterande rutetabell og korrespondansar med m.a. båt på Mjømna. Vi kan få til følgjande tingingsrute frå Bremnes:  
Kl 0940 frå Bremnes, bussruta korresponderar på Mjømna med sørgående snøggbåt.  
Kl 1720 frå Bremnes, bussruta korresponderar på Mjømna med nordgåande snøggbåt.  
Kl 1920 frå Mjømna, korrespondanse med snøggbåt frå Bergen. Bussruta må gå via Byrknes, før ein køyrer til Bremnes.  
Grunna dårlege snutilhøve for buss, må bussen snu i krysset Gråvikvei/Bremnesvei.

For bestillingsrute med ein avgang i veka vert kostnadane frå 01.05:  
Kl 0940 gir ein auke på 1 560 km og kostnader på kr 23 900.

Kl 1720 gir ein auke på 1 560 km og kostnader på kr 23 900.

Kl 1920 gir ein auke på 1 560 km og kostnader på kr 23 900.

- b) Fjord1 Sogn Billag er positive til ei arbeidsgruppe som skal sjå alternativ i samband med opninga av brua over Brandagersundet. Ynskjer å vera representert i denne gruppa med representantar frå administrasjon og lokalt.

### **Framlegg til vedtak:**

Gulen kommune set ned ei arbeidsgruppe for ruteendringar etter fastlandssambandet i Ytre Gulen med desse medlemmane:

### **Behandling og vedtak i Formannskapet, 20.04.2010:**

#### **Nye framlegg:**

#### Felles framlegg:

Gulen kommune set ned ei arbeidsgruppe for ruteendringar etter fastlandssambandet i Ytre Gulen med desse medlemmane:

- Kristin M. Byrknes, 55970 Byrknesøy
- Erene Wilberg, 5978 Mjømna
- Arve Mjømen, 5978 Mjømna
- Arve Osland, 5977 Ånneland
- Elin Rasch, 5960 Dalsøyra
- Ivar Eide, 5960 Dalsøyra (leiar)

Arbeidet må vere fullført seinast 1. september, for behandling i formannskapet same månad, og oversending til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

#### **Røysting:**

Samrøystes.

#### **Vedtak:**

Felles framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 10/225  
Løpenummer: 1645/10  
Arkivkode: B10  
Saksbehandlar: Kari Brekken

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
9/10	Hovudutval for oppvekst	15.04.2010
19/10	Formannskapet Kommunestyret	20.04.2010

### FELLES UNGDOMSSKULE - LOKALISERING OG VIDARE PROSESS

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Rektorar (e-post)
- FAU-leiarar
- HTV Utdanningsforbundet

#### Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

##### **Sakstilfang:**

Ikkje utsende vedlegg:

- K-sak 72/09

##### **Saksutgreiing:**


###### Bakgrunn:

###### Kommunestyrevedtak i K-sak 72/09:

*Kommunestyret ber administrasjonen utgreie konsekvensane av ein felles ungdomsskule, og foreta naudsynte tiltak som sikrar ein god prosess fram mot ei eventuell strukturendring.*

I same sak vart driftsrammene for barnehage- og skulesektoren redusert med kr. 1,3 mill frå 2012, og ytterlegare 1,7 mill frå 2013, med grunnlag i forventa innsparing med strukturendring på ungdomssteget.

###### Samla elevtal.



Oversynet byggjer på dei barna som i dag er busett i Gulen kommune. Frå 2012 vil elevtalet minke frå ca 110, som vi har hatt dei seinaste åra, til gjennomsnittleg 85 dei neste 10 åra. Elevtalet vil ligge rundt 30 pr år, med litt større svingingar enkelte år. Dette tilsvarar 4-5 grupper/klassar med eit samla ungdomstrinn. I dag – med 4 ungdomsskular – er elevane delt i 8 grupper/klassar.

#### Relevante lover og retningslinjer:

*Opplæringslova*- utvalde lovparagrafer

§ 2-2 med tilhøyrande forskrift og læreplan, set rammene for kva omfang og innhald opplæringa i grunnskulen skal ha.

Kap 7 har reglar for skuleskyss. Det er ikkje laga forskrift eller nye retningslinjer for maksimal reiseavstand. Tidlegare rettleiarar frå departementet, har sett maksimal reisetid for elevar på ungdomstrinn til 75 min. kvar veg ( reisetid + gangtid + ventetid)

Kap. 8 regulerer organisering av undervisninga. I § 8-1 er det heimel for at kommunen kan gi forskrift om kva skule dei ulike områda soknar til. I Gulen har vi fastsett slike kringsgrenser. Dersom vi skal ha ein ungdomsskule, må kommunestyret oppheve kringsgrensene for 8. – 10. steg.

§ 8-2 omhandlar organisering av elevane i klassar/grupper. Regelen krev vurdering av om gruppestorleiken er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg Dette kan variere etter kva elevar gruppa er samansett av.

Kap 9a set krav til elevane sitt fysiske og psykososiale skolemiljø

Kap. 13 fastset kommunen sitt ansvar for grunnskuleopplæringa.

§ 13-4 fordeler ansvaret for kostnad med skyss mellom fylkeskommunen og kommunen.

§ 13-10 pålegg kommunen å ha eit forsvarleg system for å vurdere om krava i opplæringslova med forskrifter vert oppfylt, og å følgje opp resultatane frå egne og nasjonale kvalitetsvurderingar.

#### *Forvaltningslova*

Fastset framgangsmåte ved endring av kommunal forskrift, for eksempel om kringsgrenser.

#### *Plan- og bygningslova*

Har bestemmelsar om framgangsmåte ved utarbeiding av kommunedelplanar og liknande

#### *Kompetansekrav for lærarar*

Nytilsette lærarar må ha minst 60 stp. faget for å undervise i norsk, matematikk og engelsk på ungdomstrinnet.

Frå 2010 er det innført ny 2-delt lærarutdanning, der eitt løp kvalifiserer for undervisning for 1. – 7. trinn, og eitt løp kvalifiserer for 5. – 10. trinn. Frå 2014-15 må vi ta omsyn til dette ved tilsetjing av nyutdanna.

### **Avgrensingar**

Føremålet med denne saka er

- a) å avgjere lokalisering av ein eventuell felles ungdomsskule.
- b) å fastsetje prosessen fram mot vedtak om framtidig skulestruktur for ungdomsskulesteget i Gulen kommune.

### **A) Lokalisering**

Vedtaket frå kommunestyret omhandlar ein felles ungdomsskule. Dette betyr at vi i denne saka føreset at alle elevane som i dag soknar til Brekke, Byrknes, Dalsøyra og Eivindvik skular, skal samlast på 1 ungdomsskule.

Det avgjerande omsynet vi må ta i dette spørsmålet, er reisetida for elevane. I ein spreiddbygd kommune som Gulen, vil det ikkje vere mogeleg å unngå at nokre elevar må ha ei samla reisetid over 1 t 15 min dersom alle skal samlast på ein skule. Vi må derfor velje det alternativet der færrest mogeleg får ei lengre reisetid.

Ut frå dette perspektivet, kan Brekke og Byrknes leggst bort som alternative lokaliseringar.

Reisetid frå nokre av grendene som ligg lengst vekk frå Dalsøyra/Eivindvik. Gang- og ventetid kjem i tillegg. Det må påreknast minst 10 min.

<i>Tidene er henta frå "Rutehefte for Sogn og Fjordane 1. mai 2007 - 30. april 2008.</i>		
	<b>Til Dalsøyra</b>	<b>Til Eivindvik</b>
<b>Frå</b>	<b>Reisetid langs hovudrute</b>	<b>Reisetid langs hovudrute</b>
Dingja	60	20
Ulike grender på Hisarøy	65	25
Byrknes	65*	45 (båt)
Furenes	30	70
Indre Oppedal	65**	75

\* Langs ny vegtrasè

\*\* Over Takledalen.

Elevar frå Oppedal og Fureneset får samla reisetid (gang- + vente- + buss-tid) til Eivindvik skule, som overstig rettleiande norm for maksimal reisetid. Elevar frå Oppedal, Byrknes, Dingja og Hisarøy vil få reisetid om lag på normen ved reise til Dalsøyra. Nøyaktig reisetid vil avhenge av evt. tilførsleruter som reduserer gangtid, tal stopp osv.

Tal på framtidige ungdomsskule-elevar som i dag er busett i desse grendene:

Frå:		-12/-13	-13/-14	-14/-15	-15/-16	-16/-17	-17/-18	-18/-19	-19/-20	-20/21
Dingja	8.	0	0	0	0	0	0	1	0	0
	9.	2	0	0	0	0	0	0	1	0
	10.	1	2	0	0	0	0	0	0	1
Ulike grender på Hisarøy	8.	0	0	0	1	0	0	0	0	1
	9.	1	0	0	0	1	0	0	0	0
	10.	0	1	0	0	0	1	0	0	0
Byrknes	8.	0	6	4	3	2	2	0	0	1
	9.	5	0	6	4	3	2	2	0	0
	10.	4	5	0	6	4	3	2	2	0
Furenes	8.	1	3	1	2	3	1	2	0	0
	9.	0	1	3	1	2	3	1	2	0
	10.	3	0	1	3	1	2	3	1	2
Oppedal	8.	2	2	0	2	3	1	1	1	1
	9.	1	2	2	0	2	3	1	1	1
	10.	2	1	2	2	0	2	3	1	1

Fleirtalet av elevane vil få ei reisetid på mindre enn 1 t 15 min, både til Dalsøyra og til Eivindvik. Viss ungdomsskulen vert lokalisert til Eivindvik, vil det vere 10-12 elevar som får reisetid over normen. Ved lokalisering på Dalsøyra vil normalt ingen elevar få reisetid over normen, men rundt 20 elevar vil vere nær opptil.

I tillegg kan det enkelte år vere elevar som har lengre reiseavstand.

Det neste momentet som må tilleggst vekt, er storleik på skulebygningane, og kostnadar med eventuelle ombyggjingar/tilpassingar.

### Dalsøyra skule

BTA er 2.720 m<sup>2</sup> I dag disponerer ungdomstrinnet 3 klasserom på 67, 46 og 51 m<sup>2</sup>. I same område ligg også musikkrom (67 m<sup>2</sup>), mediatek/bibliotek (90 m<sup>2</sup>), spesialrom (33 m<sup>2</sup>) og datarom/lager på 17 m<sup>2</sup>. Matsalen i samfunnsdelen kan også nyttast til klasserom (101 m<sup>2</sup>). Skulen har i tillegg eigne spesialrom for naturfag, skulekjøkken, formgiving/tekstil og formgiving/trearbeid (sløydsal).

Samla ungdomstrinn treng 5 klasserom. Dersom ein legg rettleiande norm for minste areal til grunn (2 m<sup>2</sup> pr elev), må vi ha 2 klasserom på ca. 30 - 40 m<sup>2</sup>, og 3 klasserom på ca 50 - 60 m<sup>2</sup>. I tillegg trengst det mindre grupperom og spesialrom. Med omdisponeringar vil skulen ha areal/rom nok til å dekke behovet utan store ombyggingar.

Skulen har også ansvar for all vaksenopplæring, og vil få ca 17-18 årsverk til administrasjon og lærarar, pluss assistentar, vaktmeister og kontorpersonale. På personalavdelinga er det i dag 13 kontor, som er for lite. Løysingar for utviding/ombygging er ikkje vurdert

### Eivindvik skule

BTA er 2.936 m<sup>2</sup>. I dag disponerer ungdomstrinnet 3 klasserom på ca 46 m<sup>2</sup> kvar. I tillegg er det eit grupperom på ca 12 m<sup>2</sup>. Skulen har også eigne spesialrom i tillegg, for naturfag, musikk, skulekjøkken, formgiving/tekstil og formgiving/trearbeid (sløydsal).

I dag har skulen også eit stort mediatek, eit klasserom som er omdisponert til skulebibliotek, bassengareal og ymse anna ledig areal i kjellaren. Det er uavklara kor mykje av dette som kan vere tilgjengeleg for ungdomstrinnet, eller som vert omdisponert til barnehage. Det må i alle tilfelle gjerast tilpassingar for å få gode undervisningslokale for ungdomstrinn.

På personalavdelinga er det i dag 12 enkle og 3 doble kontor. Dette kan dekke behovet.

Med utgangspunkt i BTA, er Eivindvik ca 200 m<sup>2</sup> større enn Dalsøyra skule. Dersom ein tek høgde for at barnehagen treng ca 2- 300 m<sup>2</sup>, er tilgjengeleg areal på skulane om lag likt. På begge skulane vil det vere trong for tilpassingar/ombygging for å få til eit moderne ungdomsskule-lokale.

### Konklusjon.

Kostnadane med tilpassing av lokale kan bli om lag dei same på Dalsøyra og i Eivindvik. Med bakgrunn i å gjere ulempene med reisetid minst mogeleg for flest mogeleg, vil administrasjonen tilrå at ein eventuell framtidig felles ungdomsskule vert lokalisert til Dalsøyra skule.

### **B: Prosess for utgreiing av om Gulen kommune skal ha ein felles ungdomsskule**

Utgangspunktet for arbeidet er formuleringa i handlingsplan for 2010 – 13, vedteken i K-sak 122/07. Revidert utgåve er lagt ved økonomiplan 2010 – 13, sjå vedtak i K-sak 72/09.

*Talet på ungdomsskular i kommunen skal framleis vere som i dag. Ei evt. endring av ungdomsskulestrukturen skal vurderast dersom eitt av følgjande kriterium er til stades:*

- a) ein reduksjon i talet på skular ser ut til å gi monaleg økonomisk innsparing
- b) elevtalet vert så lågt at det vert vanskeleg å gjennomføre ei fagleg forsvarleg undervisning
- c) eit fleirtal av foreldra i krinsane ynskjer det

Økonomiplanen har innsparing på 1,2 mill i 2012, 3 mill frå 2013.

Utgreiinga må omhandle følgjande tema:

- Elevtalsutvikling på kvar skule – kjende tal + realistiske prognoser
- Ny personalplan/stillingsramme/modell for ressurstildeling som innfrir innsparingskravet frå 2012/-13.

Modell må utgreiast både for samla ungdomsskule + reine barnetrinn, og for

framhaldande 1 – 10 -skular som no.

- Vurdering av kvalitet/innhald i undervisninga – med 4 ungdomsskular og med 1 felles skule. Læreplan, elevtal og lærarkompetanse er viktige stikkord.
- Reisetid – realistiske opplegg i samråd med skysshavarane.
- Organisering av skuledagen på alle skular – med og utan felles ungdomsskule
- Kostnad/plan for bygningsmessige tilpassingar – ombygging/mindre tilbygg
- For å få fram foreldra sitt syn, bør det gjennomførast ei spørjeundersøking

Naturlege deltakarar i utgreiingsarbeidet er rektorar, tillitsvalde og FAU-leiarar, i tillegg til administrasjonen. Det bør leggst opp til opne møter, både i oppstart og når utkast er ferdig, i tillegg til utsending av spørjeskjema til foreldre. Vidare må framlegget sendast på høyring til dei ulike organa ved kvar skule (FAU, SU, fagorganisasjonar, elevråd)

Det kan også gjennomførast krinsrøysting. Det inneber at alle med stemmerett som er busette i krinsen, får høve til å gi uttrykk for meininga si, også dei som ikkje er foreldre. Det er ingen påbod om å gjennomføre slik røysting, og den vil i alle tilfelle berre vere rådgivande.

Kommunestyret kan velje å ta omsyn til - eller sjå bort frå – resultat frå krinsrøystinga.

Administrasjonen vil ikkje tilrå å gjennomføre krinsrøysting. Det vil kreve eit omfattande arbeid, som truleg ikkje vil gi oss ny kunnskap utover det vi får gjennom møter, spørjeskjema og høyringsuttalar.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Ein eventuell felles ungdomsskule for Gulen kommune vert lokalisert til Dalsøyra skule
2. Det vert starta opp arbeid med å utgreie konsekvensar av strukturendring på ungdomsskuletrinnet. Arbeidet skal vere avslutta innan 15.11.10, og skal vere utfyllande nok til at kommunestyret kan ta avgjer om framtidig struktur i desember 2010. Utgreiingsprosessen skal vere open, med deltaking frå alle berørte partar. Rådmannen styrer utgreiingsarbeidet
3. Utgreiinga skal sendast på høyring til dei formelle organa ved kvar skule.

#### **Behandling og vedtak i Hovudutval for oppvekst, 15.04.2010:**

##### **Nye framlegg:**

##### Frå Astrid Uthaug (H):

Saka vert utsett så vi får diskutere i partigruppene våre.

Utsetjingsframlegget vart røysta over, og fall (1 mot 4 stemmer). Deretter vart det sett fram slikt fellesframlegg frå HOP:

1. Det vert starta opp arbeid med å utgreie konsekvensar av strukturendring på ungdomstrinnet. Arbeidet skal vere avslutta innan 15. juni 2011, og skal vere utfyllande nok til at kommunestyret kan ta avgjer om framtidig struktur i desember 2011.
2. Prosessen skal vere politisk styrt, med representantar frå dei ulike partia, og rådmannen
3. Utgreiinga skal sendast på høyring til dei formelle organa ved kvar skule
4. Det skal vere krinsavrøysting i krinsane.

##### **Røysting:**

Samrøystes.

##### **Vedtak:**

HOP sitt felles framlegg til vedtak vert godkjent.

**Behandling og vedtak i Formannskapet, 20.04.2010:**

**Nye framlegg:**

Frå Trude Brosvik (KRF):

Saka vert å realitetsbehandle i kommunestyret 29.04.10.

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Brosvik sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 10/51  
Løpenummer: 1646/10  
Arkivkode: 223 L71  
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
<b>20/10</b>	<b>Formannskapet</b>	<b>20.04.2010</b>

### ETABLERINGSTILSKOT 2010

*Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Ragnar Joakim Nese og Helene Hellandsjø, 5977 Ånneland

### Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

#### Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Søknad frå Ragnar Joakim Nese og Helene Hellandsjø, datert 29.01.10
- Retningsliner for etableringstilskot - F.sak 5/08, datert 30.01.08

Ikkje utsende vedlegg:

- Søknad om etableringstilskot 2009 - F.sak 29/09, datert 11.06.09

#### Saksutgreiing:

Ordninga med etableringstilskot til unge folk som investerer i bustad i Gulen vart gjeninnført i budsjettet for 2008, etter å ha vore ute av budsjettet heilt sidan 2001. Administrasjonen har fått delegert mynde til avgjere innkomne søknader, jf. punkt 7. i retningslinene.

Status fram til no:

	Budsjett (kr)	Tilsegner (kr)	Utbetaling (kr)	Tilsegnskategori		Sum tilsegner
				Nybygg/rest.	Kjøp	
<b>2008</b>	200 000	330 000	90 000	5	4	9
<b>2009</b>	200 000	300 000	320 000	4	4	8
<b>2010</b>	200 000	40 000	120 000	1		1
<b>SUM</b>	<b>600 000</b>	<b>670 000</b>	<b>530 000</b>	<b>10</b>	<b>8</b>	<b>18</b>

10 tilsegner gjeld nybygg/restaurering, medan 8 gjeld kjøp av eksisterande hus. Attståande budsjetttramme i 2010 er på kr 80 000, dvs. 2 utbetalningar av fullt tilskot. Truleg vil budsjetttramma ikkje halde, og det kan verte naudsynt å be kommunestyret om å tilføre midlar for å innfri utbetalingskrav.

Saka no gjeld ein søknad som etableringstilskot som administrasjonen meiner krev eit visst politisk skjøn: Eit par kjøpte eit bustadhus i juni -09, og søknad om tilskot var mottatt av kommunen 03.03.10. Søknaden er såleis ikkje i samsvar med retningslinene, punkt 4, som seier at søknad må vere sendt kommunen før innflytting. Søkjar var ikkje kjend med ordninga før etter overtakinga.

I 2009 (F.sak 29/09) gav formannskapet kr 20 000 i tilskot i ei sak der søknad vart send etter innflytting. Administrasjonen meiner føreliggjande søknad bør behandlast på same måte, dvs. halvt tilskot.

Søknaden gjeld og ei utleigeeining i det kjøpte huset. Punkt 10 i retningslinene seier dette: *"Det vert gitt kr 20 000 ekstra til dei som byggjer utleigeeining til fast busetnad."*

Administrasjonen meiner ordlyden må tolkast som at berre nybygde utleigeeiningar fell innafør.

#### **Framlegg til vedtak:**

Ragnar Joakim Nese og Helene Hellandsjø får tilsegn om etableringstilskot inntil kr 20 000.

#### **Behandling og vedtak i Formannskapet, 20.04.2010:**

##### **Nye framlegg:**

##### Frå Anne Marit Brekken Oppedal (AP):

1. Ragnar J. Nese og Helene Hellandsjø får tilsegn om etableringstilskot inntil kr 40 000.
2. Ordninga med etableringstilskot må få ein tydelegare plass på heimesida til kommunen.

##### **Røysting:**

Det vart røysta punktvis. Framlegg til punkt 1. frå Brekken Oppedal vart vedteke mot 1 røyst (Mjømen, H). Framlegg til punkt 2. frå Brekken Oppedal vart samrøystes vedteke.

##### **Vedtak:**

1. Ragnar J. Nese og Helene Hellandsjø får tilsegn om etableringstilskot inntil kr 40 000.
2. Ordninga med etableringstilskot må få ein tydelegare plass på heimesida til kommunen.

Saknummer: 10/205  
Løpenummer: 1647/10  
Arkivkode: 223 K50  
Saksbehandlar: Martin W. Kulild

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
<b>21/10</b>	<b>Formannskapet</b>	<b>20.04.2010</b>

### **GEOLOGIEN SOM VERDISKAPAR**

*Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Hyllestad kommune, Plan og utvikling, 6957 Hyllestad

#### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

##### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Geologien som verdiskapar

##### **Saksutgreiing:**

HAFS regionråd godkjenner det føreliggjande prosjektet i samband med tildelinga av RUP-midlane for 2009. Føresetnadane var at alle HAFS-kommunane tok del i prosjektet.

Prosjektskissa som er ferdig, er utarbeida i samarbeid med NGU og Stiftinga Norsk Kvernsteinssenter. Alle HAFS-kommunane vert no invitert til å delta i prosjektet med representant i prosjektgruppa og løyving av prosjektmidlar.

I tillegg til HAFS-kommunane er Sogn og Fjordane fylkeskommune, Universitetet i Bergen og NGU invitert med i prosjektet, men utan finansiell medverking.

Kostnadene med prosjektet er sette til kr 130.000,-. Av dette har HAFS-regionråd løyvd kr 60.000,- og Hyllestad kommune kr 30.000,-. I tillegg kjem løyvingane på kr 10.000,- frå kvar av dei andre HAFS-kommunane.

Hyllestad ber om at kommunen innan 20.04.10 stadfestar kommunalt bidrag og peikar ut ein representant til prosjektgruppa. Det skal være konstituerande møte i prosjektgruppa fredag 23. april 2010, kl 11.00 på Leirvik Kro og Motell.

##### **Framlegg til vedtak:**

1. Gulen kommune løyver kr 10.000,- frå næringsfondet til deltaking i prosjektet "Geologien som verdiskapar".
2. Som representant i prosjektgruppa vert utnemnd:

## **Behandling og vedtak i Formannskapet, 20.04.2010:**

### **Nye framlegg:**

Frå Trude Brosvik (KRF):

Som administrasjonen, og med administrativ deltaking i prosjektgruppa.

### **Røysting:**

Samrøystes.

### **Vedtak:**

1. Gulen kommune løyver kr 10.000,- frå næringsfondet til deltaking i prosjektet "Geologien som verdiskapar".
2. Som representant i prosjektgruppa vert utnemnd: Ein frå administrasjonen.